

Møteinnkalling

Utval: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
Møtestad: Gloppen hotell
Dato: 04.03.2019
Tidspunkt: 11:30 – 14:00

Velkommen til det første møtet for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre 2019!

Vi får god lunsj på www.gloppenhotell.no

Frå Sogndal kommune møter vara Vibeke Johnsen for styremedlem Jarle Aarvoll, og frå Jølster kommune møter vara Ragnhild Sæle for styremedlem Oddmund Klakegg.

Eventuelt forfall må meldast snarast til Bente Støa på mobil 905 90 647.
Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Velkommen!

Vennleg helsing
Bente Støa og Maria Knagenhjelm
Sekretariatet for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

Saksliste

| Utvals- saksnr | Innhald | Lukka | Arkiv- saksnr |
|-------------------|---|-------|------------------|
| ST 1/19 | Godkjenning av innkalling og dagsorden | | |
| ST 2/19 | Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar | | |
| ST 3/19 | Orienterings- drøftings- og referatsaker <ol style="list-style-type: none">1. Velkommen til Tor Arne Hauge, ny nasjonalparkforvaltar for Jostedalsbreen2. Orientering frå SNO Jostedalsbreen, Anne Rudsengen3. Siste nytt om nasjonalparksentra4. Nye satsar for møtegodtgjersle, samkøying av førebuingstid5. Neste møte den 21. mai i Fjærland/Stardalen med synfaring?6. Kontordag i Stryn, først ila mars i kombinasjon med andre møte7. Forvaltningsplanen for Jostedalsbreen np; utkast til generell drøfting8. Besøksstrategi for Jostedalsbreen np (første del); utkast til generell drøfting9. Fornyng av løyve frå sak 34/11 brutilkomst ved Erdalssetra/Storesetra10. Mediesakar sidan sist | | |
| ST 4/19 | Jostedalsbreen nasjonalpark - sak om Storselet i Sunndalen - ny handsaming | | 2019/4933 |
| ST 5/19 | Jostedalsbreen nasjonalpark - utvida løyve til landing ved Skålabu 2019-2022 - Bergen og Hordaland turlag | | 2019/3916 |
| ST 6/19 | Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - drift av styre og årsplan for 2019 | | 2019/4838 |
| ST 7/19 | Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - prioritering av tiltaksmidlar for 2019 | | 2019/1407 |
| RS 1/19 | Rapport 2018 - Jostedalsbreen nasjonalpark - Motorferdsel til Flatbrehytta - ref 18/1568 FMSF | | 2019/1097 |
| RS 2/19 | Motorisert ferdsel på Jostedalsbreen i samband med snømålingar | | 2019/3392 |
| RS 3/19 | Spørsmål om overtredelsesgebyr | | 2019/3145 |
| RS 4/19 | Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - referat frå dialogmøte 2017 - rådgjevande utval | | 2019/5041 |
| RS 5/19 | Jostedalsbreen nasjonalpark - referat frå dialogmøte 2018 - rådgjevande utval og administrative kontaktpersoner | | 2019/5041 |
| RS 6/19 | KLD Klage på Miljødirektoratets avslag på Visit Nordfjord sin søknad om tilskudd fra tilskuddsordningen Nasjonale Turiststier til stiprosjekt | | 2019/3131 |
| RS 7/19 | Nasjonal turiststi - søknad om autorisasjon for Nigardsbreen - Luster kommune | | 2019/3131 |

| | | |
|---------|---|-----------|
| RS 8/19 | Høring - Jostedalsbreen Nasjonalpark - Stryn - Forskrift om forsøksordning med catskiing på Tystigen | 2019/2556 |
| RS 9/19 | Sak - Breheimen nasjonalpark - Forskrift om forsøksordning med catskiing på Tystigen i Stryn - Stryn kommune. | 2019/2556 |

Eventuelt

ST 1/19 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 2/19 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar

ST 3/19 Orienterings- drøftings- og referatsaker



Arkivsaksnr: 2019/4933-0

Saksbehandler: Maria Knagenhjelm

Dato: 19.02.2019

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|----------------------------------|-----------|------------|
| Jostedalsbreen nasjonalparkstyre | 4/19 | 04.03.2019 |

Jostedalsbreen nasjonalpark - sak om Storselet i Sunndalen - ny handsaming

Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre tek opp vedtakssak [38/17](#) til ny handsaming og vil omgjere eige vedtak jf. forvaltningslova § 35 første ledd, bokstav c.

Primær innstilling

I medhald av verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark, punkt 1.3, første ledd, gir Jostedalsbreen nasjonalparkstyre med dette løyve til Anders Folven til riving/gjenoppbygging av storselet til g/bnr 17/3, Anders-bruket, på Sunndalssetra i Stryn kommune.

Løyve til riving/gjenoppbygging av bygget vert gitt på vilkår av at:

- Eit nytt storsel blir bygd identisk med eksisterande bygg, inkludert vindauge og dører.
- Eksisterande bygning blir fotografert frå alle vinklar på førehand og sendt til
- nasjonalparkforvaltaren.
- Alt rivingsmateriale skal fraktast ut av nasjonalparken og leverast til godkjent mottak.

Byggeløyvet for det omsøkte bygget gjeld til og med år 2020. Rapport og bilete vert sendt nasjonalparkforvaltaren ved avslutta prosjekt. Material skal lagrast forsvarleg. Søkjar må også innhente løyve til prosjektet etter anna lovverk. Løyve til motorferdsle må omsøkjast separat.

Sekundær innstilling

I samsvar med verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark, punkt 1.1, første ledd, gir Jostedalsbreen nasjonalparkstyre med dette avslag på løyve til Anders Folven, til riving/gjenoppbygging av storselet til G/bnr 17/3, Anders-bruket, på Sunndalssetra i Stryn kommune.

Avslaget er grunngjeve med at Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vurderer saka som ei nybyggingssak, då bygget er så dårleg halde ved like at det må rivast før det kan byggjast



opp att. Som eit heilt nytt bygg stiller nasjonalparkstyret strengare krav, og vurderer at turisthytta skjønsmessig ikkje er i tråd med byggeskikken på staden.

Saksopplysningar

Saksdokument:

- Samledokument over søknadar og vedtak finn ein [her](#).
- Telefon/e-post frå Miljødirektoratet den 11. februar 2019.
- Generell uttale frå Sivilombudsmannen:
<https://www.sivilombudsmannen.no/uttalelser/plikt-til-a-omgjore-ugyldig-vedtak/>

Om saka:

Jostedalsbreen nasjonalparkstyret fekk søknad datert 24.mai 2017 frå Anders Folven om restaurering av to bygg på Sunndalssetra (selet og fjøsen) og riving/gjenoppbygging av eit tredje bygg (storselet), samt torvuttak og helikoptertransport. Styret gav løyve med vilkår, jf. søknad, til selet og fjøsen, men ønskja meir kunnskap om storselet, jf. saksprotokoll den 19.06.2017.

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyret - 19.06.2017

Handsaming i møte

Jostedalsbreen nasjonalparkstyret vurderte saka om riving og gjenoppbygging av storselet som utfordrande, og ønskja meir informasjon og utgreiing før styret gjer vedtak om dette bygget. Utgreiinga til neste møte bør innehalde informasjon m.a. om styret sitt heimelsgrunnlag til å seie ja eller nei til nytt storsel, om styret har heimel til å krevje at storselet er ope for ålmenta, korleis tiltakshavar vil informere om utleigemogelegheitene og korleis tiltakshavar vil forplikte seg til utleige.

Endringsforslag frå Einar Målsnes: Jostedalsbreen nasjonalparkstyret ønskjer eit breiare fagleg grunnlag å vurdere ev gjenoppbygging av Anders Folven sitt tredje bygg (storselet). Nasjonalparkstyret ønskjer innhenting av uttaler frå Fylkeskommunen og Sunndalssetra sameige, samt vente på avgjerda til Miljødirektoratet i DNT-hyttesaka. Jostedalsbreen nasjonalparkstyret gir løyve til både Anders-selet, Anders-fjøsen, torvuttak og helikopterferdsle i tråd med søknaden.

Samrøystes vedteke.

I møte den 30.10.2017 i sak nr 38/17 gjorde Jostedalsbreen nasjonalparkstyret følgjande vedtak:

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyret – 30.10.2017

Handsaming i møte

Styret ønskja å sikre at bygget ikkje fall ned, og var einstemmig innstilt på å gje løyve til riving og gjenoppbygging av storselet på vilkår at det blir ope for ålmenta.

Vedtak

I medhald av verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark, punkt 1.3, første ledd, gir Jostedalsbreen nasjonalparkstyret med dette løyve til Anders Folven, til riving/gjenoppbygging av storselet til G/bnr 17/3, Anders-bruket, på Sunndalssetra i Stryn kommune. Løyve til riving/gjenoppbygging av bygget vert gitt på vilkår av at:

- *Eit nytt storsel blir bygd identisk med eksisterande bygg, inkludert vindauge og dører.*



- Eksisterande bygning blir fotografert frå alle vinklar på førehand og sendt til nasjonalparkforvaltaren.
- Alt rivingsmateriale skal fraktast ut av nasjonalparken og leverast til godkjent mottak.
- Tiltakshavar inngår ein langsiktig avtale med eit turlag, turistforening, organisasjon eller ideell stifting om utleige av storselet for å sikre ålmenta si tilgong til overnatting på Sunndalssetra.

(...)

Siste vilkår av dette vedtaket er forvaltar si understreking, då det er dette vilkåret det no er stilt spørsmålsteikn ved om det er gyldig.

Anders Folven gjorde ei avtale med Oppstryn skule om bruk av storselet, men nasjonalparkstyret vurderte ikkje denne aktuelle avtala som tilfredsstillande nok til å innfri vilkåret om at storselet skulle *sikre ålmenta si tilgong til overnatting på Sunndalssetra*. I ny handsaming i styremøte den 23.05.2018 avviste Jostedalsbreen nasjonalparkstyret klage frå Folven, då klaga var komme inn til handsaming 20 veker etter klagefristen, jf. forvaltningslova.

Tilleggsinformasjon:

Etter at Jostedalsbreen nasjonalparkstyret hadde saka til vurdering i juni-møtet 2017 kom endeleg handsaming frå Miljødirektoratet i saka om DNT Oslo og omegn sin søknad om nyetablering av to hytter på Sunndalssetra. Saka ende med endeleg avslag til hyttebygging, då Miljødirektoratet ikkje kunne sjå at nasjonalparkstyret hadde særleg grunn jf. forskrifta sitt punkt IV, 1.3 til å gje løyve til nybygg, samt av omsynet til villreinen i Rauddalen og føre-var-prinsippet. Les styresaka [her](#) og endeleg klagehandsaming [her](#).

Vurdering

Forvaltar er, over telefon i februar 2019, gjort kjent med at Miljødirektoratet vil vurdere om vilkåra som nasjonalparkstyret har sett i denne saka er gyldige. Dette gjeld vedtaket der nasjonalparkstyret i ein dispensasjon kravde ei leigeavtale til fordel for ålmenta. Direktoratet lurte på om Jostedalsbreen nasjonalparkstyret sjølv kunne vurdere å endre/gjere om eige vedtak.

Forvaltar vart også gjort merksam på at det kan føreligge ein plikt til å gjere om ugyldige vedtak, jf. denne [uttala](#) frå Sivilombudsmannen.

Med bakgrunn i førespurnaden frå Miljødirektoratet legg forvaltar difor fram saka for styret på nytt. Eit forvaltningsorgan har moglegheit til å omgjere eige vedtak utan at det er påklaga viss vedtaket er ugyldig, jf. forvaltningslova § 35 første ledd, bokstav c.

Forvaltar vurderer saka til å ha sopass sterke politisk føringar frå tidlegare styrehandsaming, og legg difor fram dei to innstillingane som då saka var oppe til styrehandsaming den 30.10.17. Forvaltar syner til vurderinga som vart gjort under saksutgreiinga den gong, og meiner det framleis er relevant for styret i denne saka:

Forvaltar vurderer at det i praksis vil bli særst vanskeleg å følgje opp om utleigar leiger ut eller ikkje, dersom styret ønskjer å pålegge tiltakshavar å leige ut. Tiltakshavar bur i ein annan del



av landet. Forvaltar vurderer at Jostedalsbreen nasjonalparkstyre heller ikkje har heimel til å påleggje tiltakshavar å halde turisthytta oppe for ålmenta, då det er eit privat bygg. I tidlegare tilfelle der nasjonalparkstyret har pålagt hytteeigarar å halde eit bygg oppe for ålmenta er til dømes Flatbrehytta, der offentlege mynde har gitt eit større beløp til vedlikehald og utviding. Med midlar kan ein setje krav. Forvaltar vurderer dette aktuelle storselet som i ei anna kategori.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre kan nytte sitt politiske skjønn til å seie ja eller nei. Forvaltar har difor laga to moglege innstillingar. Heimelsgrunnlaget for å gje løyve er at nybygging av storselet er ein «særleg grunn», jf. kravet i verneforskrifta, fordi det stod der frå før. Eit nytt bygg på ein ny plass ville då være noko anna, jf. endeleg klagehandsaming i DNT-hyttesaka. Det hadde heller ikkje vore nokon sak, om tiltakshavar hadde vedlikeholdt selet. Det talar, på sitt vis, for å gje løyve. Heimelsgrunnlaget for å gje avslag er at storhytta ikkje er eit typisk stølshus på ein støl, at det er eit LNF-område og at søkjar ikkje sjølv driv landbruk. I tillegg har tiltakshavar kanskje «mista retten» til å ha eit annleis bygg i bygningsmiljøet når det ikkje har vore halde ved like? Forvaltar er i tilstrekkeleg grad usikker på om det blir lagt ut for tilgong for ålmenta, og eventuelt kor lenge det ligg tilgjengeleg for vandrarar, slik noko av føremålet med bygget var då det vart bygd på førtitalet. Det står også i forvaltningsplanen frå 1994 at privat hyttebygging ikkje vil bli tillate.



| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|----------------------------------|-----------|------------|
| Jostedalsbreen nasjonalparkstyre | 5/19 | 04.03.2019 |

Jostedalsbreen nasjonalpark - utvida løyve til landing ved Skålabu 2019-2022 - Bergen og Hordaland turlag

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark § 4.3 utvidar Jostedalsbreen nasjonalparkstyre løyvet til Bergen og Hordaland turlag (sjå styresak 30/17) til 10 turar med helikopter per år for perioden 2019 – 2022. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre endrar også løyvet til å gjelde månadene mai og august-november denne perioden. Bergen og Hordaland turlag fordelar dei ti turane mellom vår og haust ut i frå egne vurderingar.

1. Løyvet gjeld inntil ti landingar/dropp med helikopter ved Skålabu, traseen skal følgje kortaste veg via Breng i Lodalen til Skålabu.
2. Løyvet gjeld månadene mai og august-november kvart av åra 2019 - 2022, utanom laurdagar, sundagar, heilagdagane og offentlege fridagar.
3. Løyvet gjeld for transport av ved, gass, proviant og anna naudsynt utstyr for drift av hytta, samt nedflyging av avfall frå utedo. Dersom det trengs folk til å ta i mot underhengande last frå helikopteret, må disse ev flygast opp innan den same ramma på ti turar. Løyvet gjeld ikkje persontransport ned igjen i frå Skåla.
4. Helikoptertransporten skal avgrense seg til det som er strengt naudsynt, og være mest mogeleg konsentrert i tid. Om mogeleg, bør flyginga gå føre seg tidleg på føremiddagen eller seint på ettermiddagen.
5. Bergen turlag skal samarbeide med arrangør av Skåla Opp, slik at dei kan samordne sitt transportbehov til felles hiv.
6. Under helikoptertransporten skal det takast omsyn til dyreliv og folk på tur i området.
7. Statens naturoppsyn ved Anne Rudsengen (mob: 95963888) eller nasjonalparkforvaltaren (mob: 93664256) skal varslast seinast dagen før planlagt flyging.
8. Løyve til helikoptertransport skal takast med under transporten.
9. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal ha skriftleg tilbakemelding innan 1. desember kvart år om gjennomført helikoptertransport. Rapporten skal skildre tal hiv, dato, kva som vart transportert og ev andre observasjonar.



Vi gjer merksam på at det i tillegg til dette løyvet trengs løyve til motorisert ferdsel frå Stryn kommune og grunneigar.

Saksopplysningar

Historie

Nasjonalparkstyret har handsama søknadar frå Bergen og Hordaland turlag om helikopterløyve til helikoptertransport til Skålabu to gangar tidlegare sidan Skålabu vart ferdig bygd. Fyrste gang var i styremøte den 24.04.17 då det vart vedteke å gi løyve til seks landingar med helikopter for perioden 1. mai til 31. juli kvart av åra 2017 – 2020 (styresak 13/17). Gjennom sesongen 2017 vart det to gangar søkt om 3 ytterlegare hiv, då dei 6 hiva i løyvet ikkje var nok. Det vart gjeve løyve av nasjonalparkforvaltar i samsvar med delegeringsfullmakt begge gongar.

I september 2017 kom det ein ny søknad frå Bergen og Hordaland turlag om 6 landingar i mai og 6 landingar i august/oktober. Dei ønska også løyve til å fly i helger eller heilagdaggar. Det vart då vedteke, i styremøte 30.10.2017 (styresak 30/17), å utvide løyvet til å gjelde åtte landingar med helikopter i mai og oktober/november kvart av åra 2017 – 2020. Løyva gjaldt transport av ved, gass, proviant og anna naudsynt utstyr for drift av hytta. Søknad om flyging i helger og heilagdaggar vart avslått.

Motbakkeløpet Skåla opp har også helikopterløyve i dette området. Dei fekk i vedtak av 30.10.2017 løyve om å vidareføre idrettsarrangementet Skåla Opp frå og med 2018 til og med 2021 (styresak 29/17). Dei fekk då løyve til to landingar med helikopter før arrangementet og to landingar etter arrangementet. Vedtaket vart påklaga, då Skåla Opp meinte det var trong for fleire landingar. I vedtak av 9.3.2018 vart vilkåret om helikopterflyging endra til fire landingar med helikopter i løpet av dei fem vekedagane før arrangementet og fire landingar i løpet av dei fem vekedagane etter arrangementet (styresak 4/18). Maks ei av landingane før arrangementet og ei av landingane etter arrangementet kunne i følgje løyvet vere frakt av personell.

Nasjonalparkforvaltninga fekk hausten 2018 fleire signal frå Skåla Opp, nestleiar i styret og ordførar i Stryn og andre aktørar i lokalsamfunnet, om at det var misnøye med helikopterløyva både til Skåla Opp og til Bergen og Hordaland turlag fordi det vart innvilga færre hiv enn omsøkt. I følgje disse signala vurderte Skåla Opp å legge ned sitt arrangement, fordi vilkåra i løyvet gjorde det vanskeleg å halde fram. Forvaltninga kontakta då både Skåla Opp og Bergen og Hordaland turlag direkte, for å høyre kva dei konkret var misnøgde med.

Søknad

Kontakten med Bergen og Hordaland turlag resulterte i ein ny søknad av 7. desember 2018 om utvida løyve til helikoptertransport. Deira erfaringar etter to års drift ved Skålabu er at dei treng utvida tidsrom for flyging i høve til dagens løyve, då flyging så seint som oktober-november har fleire utfordringar:



1. Toaletta vert fulle i løpet av sommaren
2. Vinteren kan koma tidleg på Skåla og med dårleg flygever i oktober vert det fort snø før dei kan rekvirere helikopter
3. Det trengs ofte supplering av ved, gass og proviant midt i sesongen, særleg i år med godt besøk i sommarmånadene.

I tillegg ønskjer dei opning for fleire helikopterflygingar. Dei har i dag løyve for 8 flygingar og informerer i søknaden om at dei i 2018 brukte alle 8 hiva og at små endringar i til dømes vedkvalitet (fukt førar til tyngre last) eller flygeforhald/oppdrift kan gjere at dei må dele opp eit hiv.

Av grunnane nemnt over ønskjer Bergen og Hordaland turlag å endre punkt 1 og 2 i løyvet av 16. november 2017 til:

1. Tillate inntil 10 landinger/drop i løpet av eit kalenderår
2. Flyge i august-september i samband med Skåla Opp

Dette vil i følgje søknaden opne for meir tenleg pakking og organisering av kvar transport og vil gjere at dei unngår ekstra søknadar om tilleggs løyver. Turlaget poengterer at det ikkje er i deira interesse å flyge meir enn det dei må, då kvar flyging har ein ekstra kostnad.

Dialogen forvaltninga hadde med Skåla Opp hausten 2018 resulterte i ein skriftleg tilbakemelding. Dei har i dag løyve om fire turar opp og fire turar ned i samband med deira årlege idrettsarrangement i august og seier at dei treng ei auke til:

Seks landingar før arrangementet derav to med persontransport:

- Opp til Skåla med personale
- Tre løft til Skåla
- Eit løft til Skålavatnet
- Ned frå Skåla med personale

Fem landingar etter arrangementet derav to med persontransport:

- Opp til Skåla med personale
- To løft frå Skåla
- Eit løft frå Skålavatnet
- Ned frå Skåla med personale

Vi understrekar at dette ikkje er ein søknad frå Skåla Opp om utvida løyve, men eit innspel om korleis det kan bli enklare å arrangere Skåla Opp.

Lovgrunnlag

Føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er:

- Å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå låglend til høg fjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- Å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.



- Å verne om kulturminne og kulturlandskap.

Motorferdsle er i utgangspunktet forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta pkt. IV, 4.1.

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsle for mellom anna transport av brensel, utstyr og proviant til hytter og buer, jf. verneforskrifta pkt. IV, 4.3 andre strekpunkt. I tråd med verneforskrifta pkt. IV, 4.3 skal fylgjande leggjast til grunn for vurdering av søknaden: *Før eventuelt løyve vert gjeve skal trongen for transport vurderast mot moglege skader og ulemper og i høve til eit mål om å redusere motorferdsle til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal òg vurderast.*

Juridisk sett er eit dropp av utstyr hengande under helikopteret i ei lang line definert som «landing» i nasjonalparken. Verneforskrifta har også reglar mot lågtflyging under 300 meter over bakken.

I tråd med naturmangfaldlova (NML) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Fråværet av motorferdsel og motorstøy er ein viktig kvalitet i nasjonalparken. Sjølv om det samla sett er lite motorisert ferdsel i Jostedalsbreen nasjonalpark, er det av omsyn til verneføremålet viktig å avgrense ferdsle til det som er strengt naudsynt. Eit av hovudføremåla med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er å *gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging*. Men det følgjer naturleg av ei turisthytte i nasjonalparken å også gje løyve til transport av ved, gass og proviant. Helikopter er det motoriserte framkomstmiddelet som er mest brukt i Jostedalsbreen nasjonalpark, og andre driftsmetodar for transport av større mengde materialar og liknande er ikkje moglege til Skålatårnet, utan at konsekvensane for naturmangfaldet blir større (§ 12 nml).

For dyreliv har motorferdsel ein forstyrrende effekt. Jamfør Fylkesmannen i Vestland er det registrert hekkelokaliteter av sårbara artar i utkanten av ein stor radius rundt den planlagde flyginga. Det er likevel så langt unna at det ikkje vil bli påverka av støyen dersom flyginga held seg langs traseen, som vart skildra i vilkår 1 i løyvet i styresak 13/17. Det kan ikkje utelukkast at det er fleire hekkelokalitetar i det omsøkte området, men vi har ingen registreringar eller observasjonar pr. dags dato (§ 8 nml). Det er også observert den raudlista arten rype i området.

Motorferdsel har ei uroande effekt på friluftslivet. I byggjeløyvet for Skålabu (jf. styresak 22/15) var eit av vilkåra at nivået på motorferdsel i driftsfasen skulle ligge på om lag det dåverande nivå i 2015. Likevel har vi sett ei stadig auke i motorferdsel i området. Bergen og Hordaland turlag har allereie løyve på til saman 16 hiv årleg, og motbakkeløpet Skåla Opp har løyve for 8 helikopterturar per år. Per april 2017 var det helikopterløyva i området på til saman 8 hiv per år. Helikopterløyva har altså gått frå 8 hiv våren 2017, til 22 hiv i 2018 og det er no søkt om ytterlegare to hiv til Skålabu i 2019, slik at talet på hiv kan bli 24 i 2019. Det er



i tillegg signalisert i frå Skåla Opp om at dei også kunne trengt ytterlegare to hiv for gjennomføringa av sitt arrangement.

Allereie i styresak 13/17 (då tal omsøkte hiv i området til saman var på 8 hiv) vart det gjort følgjande refleksjon: *Ein kan diskutere om den samla belastinga (§ 10) allereie er for stor rundt Skåla, særleg etter i fjor, og om bruken av motorisert ferdsel i området påverkar verneverdiane...*

Med til saman 24 omsøkte hiv nærmar vi oss no definitivt ei grense for kva området toler. Men vi ser samstundes at det å ikkje gje det løyvet det er søkt om også kan ha ei negativ innverknad på friluftslivet, ved at ein går tom for proviant på Skålabu, eller at det oppstår luktproblem i samband med manglande tømning av toalett. Vi ser også i brukarundersøkinga for Jostedalsbreen (Vistad et al. 2018) at dei besøkande til Skålastien er dei minst puristiske (dei toler meir tilrettelegging og å møte fleire menneskjer på tur) i heile nasjonalparken. Sjølv om dette ikkje seier noko direkte om toleransen for helikopterstøy, er det sannsynleg at dei også har ei noko høgare toleransegrense for støy frå helikopter enn dei som er meir puristiske. Spesielt om helikoptertransporten har til hensikt å betre tilbodet ved turisthytta.

Forvaltninga meiner at det kan forsvarast å gje løyve til to ekstra hiv til Bergen- og Hordaland turlag, men ein må ta innover seg at helikopterflyginga i akkurat denne delen av nasjonalparken no begynnar å bli omfattande og at man må tenke på å setje eit tak. Talet på gjestar til Skålabu bør ikkje bli høgare enn det det er no, også av omsyn til gjestane sjølve.

Når det gjeld å gje løyve til flyging i august, ser vi at dette i enkelte sesongar kan vere naudsynt av dei same grunnane som Bergen og Hordaland turlag oppgjer i sin søknad. For å kunne levere proviant før det vert tomt og for å kunne tømme toalett og søppel før det vert fullt, ser vi at det kan vere naudsynt å flyge allereie i august. Eit vilkår vil då vere at Bergen og Hordaland turlag samarbeider med Skåla Opp, som også arrangerast i august. Skåla Opp har meldt i frå til nasjonalparkforvaltninga at det er vanskeleg å arrangere Skåla Opp med berre fire hiv i forkant av arrangementet og fire hiv etter arrangementet, og ønskjer å kunne flyge til saman 11 gangar:

Seks landingar før arrangementet derav to med persontransport

- Opp til Skåla med personale
- Tre løft til Skåla
- Eit løft til Skålavatnet
- Ned frå Skåla med personale

Fem landingar etter arrangementet derav to med persontransport

- Opp til Skåla med personale
- To løft frå Skåla
- Eit løft frå Skålavatnet
- Ned frå Skåla med personale

Ved at Bergen og Hordaland turlag og Skåla Opp samarbeider vil Skåla Opp kunne få flydd opp naudsynt utstyr og vann og flydd ned att utstyr og søppel utan at dei treng ei utviding av eige løyve. Løyvet Skåla Opp fekk i mars 2018 (styresak 4/18) opnar for at maks ei av landingane før arrangementet og ei av landingane etter arrangementet skal vere frakt av personell. Skåla Opp ønskjer å få løyve til to hiv med personell både før og etter



arrangementet. Det er eit vanleg prinsipp at ein ikkje skal nytte transportløyve til rein persontransport (jf. juridisk kompetanse i Miljødirektoratet). Grunnen for at Skåla Opp likevel har fått løyve til å flyge mannskap opp til Skåla vart skildra i styresak 4/18:

Skåla Opp melder om at det er veldig utfordrande om dei ikkje kan fly opp mannskap som skal ta i mot og handtere utstyret. Det tek 2-3 timar å gå opp til Skåla for mannskapet som skal ta i mot utstyret, og dei gjer denne jobben på dugnad. I tillegg er det ofte utfordringar med veret, det ligg ofte skodde på sjølve toppen. I slike tilfelle må dei kunne fly på kort varsel når det er forhold til å kunne lande ved Skålatårnet, og då er det veldig vanskeleg om dei då må vente i dei 2-3 timane det tek å gå opp. Når mannskapet skal nedatt etter at utstyret er teke i mot og handtert, kan dei derimot gå. Då hastar det ikkje, og det tek og kortare tid. Dette var arrangøren einig i.

Forvaltninga står fast ved avgjerda om at personale kan fraktast opp, men ikkje ned att frå Skåla i helikopter.



Arkivsaksnr: 2019/4838-0

Saksbehandler: Maria Knagenhjelm

Dato: 19.02.2019

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|----------------------------------|-----------|------------|
| Jostedalsbreen nasjonalparkstyre | 6/19 | 04.03.2019 |

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - drift av styre og årsplan for 2019

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret skal møte jamleg i 2019 for å arbeide vidare med forvaltningsplanen og besøksstrategien, gjere vedtak i dispensasjonssaker og følgje opp tiltak i nasjonalparken som kan bidra til å styrke verneverdiane. Styret planlegg følgjande årshjul som utgangspunkt:

- 4. mars: Styremøte på Gloppen hotell (bestillingsmøte 2)
- 21. mai: Styremøte med tema besøksstrategi og forvaltningsplan, ev synfaring i Haugadalen dersom snøen har gått
- Juni: Telefonmøte, ev. styremøte med synfaring i Haugadalen
- August/September: Styremøte/synfaring i samband med opning av nye Tungestølen
- Oktober: Møte med rådgjevande utval, offisiell opning av driftevegen i Sunndalen
- November/desember: Styremøte i Sogndal (bestillingsmøte 1)

Fleire møte er avhengig av om viktige, store hastesaker dukkar opp som treng heile styret sin vurdering.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal, innan ramma på kr 300 000,- ha god drift og aktivitet i 2019, og det enkelte medlem skal sende inn krav om møtegodtgjersle og reiseutgifter etter kvart møte.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal nytte dei løyvde planmidlane på kr 200 000,- til følgjande:

| | |
|---|-------------------|
| Forvaltningsplan – prosess (kart, møte, ev. layout) | kr 50 000 |
| Hubroregistrering | Gratis |
| Kartlegging - fugl | kr 80 000 |
| Skjøtselsplan - kulturlandskap | kr 70 000 |
| Totalt | kr 200 000 |



Sekretariatet får fullmakt til å gjere mindre endringar mellom disse tiltaka og planane, og skal rådføre seg med styreleiar ved usikkerheit/større endringar.

Dokument i saka

- Brev frå Miljødirektoratet dagsett 25.10.18
- Vedtekter for Jostedalsbreen nasjonalparkstyret
- Drift av styre og årsplan, styresak 42/18
- E-post frå Miljødirektoratet dagsett 29.01.19 med tildelt ramme.

Saksopplysningar

Jamfør vedtektene *bør styret tre saman minst fire gonger kvart år og elles når leiaren bestemmer* (punkt 7). Disse fire gongene er uavhengig av kor mange gonger eit ev AU trer saman. Sidan 2011 har nasjonalparkstyret hatt møte mellom fire og åtte gonger i året.

I e-post frå Miljødirektoratet datert den 29.01.2019 fekk vi opplyst at tildelinga for drift av Jostedalsbreen nasjonalparkstyret for i år er kr 300 000,- Denne summen representerer ei auke på kr 50 000,- samanlikna med 2018. Styret har gått over budsjett kvart år, og det har vore eit etterslep frå året før grunna seint innkomne krav om møtegodtgjersler.

| Konto | Konto (T) | Koststed | Prosjekt | Prosjekt (T) | Resomr | Kapost | Beløp |
|-------|--|----------|---------------|----------------------------------|--------|--------|-------------------|
| 5300 | Styrer, råd og utvalg | 1480 | M1103D | Driftsutgifter for styret | 10 | 142021 | 104 100,50 |
| 5330 | Honorarer | 1480 | M1103D | Driftsutgifter for styret | 10 | 142021 | 23 341,50 |
| 5400 | Arbeidsgiveravgift | 1480 | M1103D | Driftsutgifter for styret | 10 | 142021 | 13 794,76 |
| 5900 | Gaver til ansatte (blomster og andre gaver) | 1480 | M1103D | Driftsutgifter for styret | 10 | 142021 | 555,00 |
| 6450 | Leie av biler | 1480 | M1103D | Driftsutgifter for styret | 10 | 142021 | 935,00 |
| 6570 | Arbeidsklær og verneutstyr | 1480 | M1103D | Driftsutgifter for styret | 10 | 142021 | 17 907,32 |
| 6830 | Annonser | 1480 | M1103D | Driftsutgifter for styret | 10 | 142021 | 58 684,00 |
| 6860 | Møter eksterne | 1480 | M1103D | Driftsutgifter for styret | 10 | 142021 | 42 953,13 |
| 6880 | Kurs og seminarer for eksterne deltagere | 1480 | M1103D | Driftsutgifter for styret | 10 | 142021 | 10 847,79 |
| 7100 | Bilgodtgjørelse, oppgavepliktig | 1480 | M1103D | Driftsutgifter for styret | 10 | 142021 | 24 699,70 |
| 7132 | Reisekostnad, ikke oppgavepliktig | 1480 | M1103D | Driftsutgifter for styret | 10 | 142021 | 2 184,79 |
| 7150 | Diettkostnad, oppgavepliktig | 1480 | M1103D | Driftsutgifter for styret | 10 | 142021 | 2 207,10 |
| 7400 | Medlemskontingent eller institusjonsmedlemskap | 1480 | M1103D | Driftsutgifter for styret | 10 | 142021 | 25 517,58 |
| 7410 | Gaver (eksterne forelesere og lignende) | 1480 | M1103D | Driftsutgifter for styret | 10 | 142021 | 11 500,00 |
| | | | M1103D | Driftsutgifter for styret | | | 339 228,17 |

I 2018 vart styret sine utgifter på 339 000,- Fleire av disse postane vil ikkje komme på nytt i 2019.

Sekretariatet vil jamleg minne styret om å sende inn krav om møtegodtgjersle og dekking av reiseutgifter fortløpande etter møta. Sekretariatet satt, i november, opp eit driftsbudsjett på kr 326 000,- men var usikre i planleggingsfasen for 2019 om det kom til å bli nasjonalparkstyretkonferanse i Trondhjem. Det blir ikkje ein slik konferanse i 2019, jf. dei siste signala frå Miljødirektoratet, så budsjettet bør dekkje den auka satsen for møtegodtgjersle og dei planlagde møta og synfaringane.

Driftsbudsjettet til styret inkluderer både utgifter til møte, seminar, synfaringar, reise- og møtegodtgjersle, samt utgifter til reise for rådgjevande utval (dei får ikkje møtegodtgjersle).



Rådgevinge utval har, grunna omlegging av økonomisystemet til Fylkesmannen, ikkje fått dekkja sine reisekostnadar frå møtet i november. Truleg manglar enkelte av styremedlemma også sine siste møte grunna denne omlegginga.

ST 42/18 Jostedalsbreen nasjonalpark - drift av styre og årsplan for 2019
Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 27.11.2018

Handsaming i møte

Styret ba sekretariatet sende ut framlegg til møtedatoar for våren via doodle. Karen Marie Hjelmeseter ønskja vårmøtet anten tidleg i april eller seint i mai. Junimøtet kan sløyfast dersom det ikkje er presserande saker. Styret ville på synfaring anten på Tungestølen, eller i Haugadalen. Styret vil lage til eit arrangement i Sunndalen når stien er ferdig. Samrøystes vedteke.

Styret fekk i tillegg kr 200 000,- til forvaltningsplanarbeid. Denne potten kan dekkje utgifter som t.d. kartleggingar, utgifter til prosessane i besøksstrategi- og forvaltningsplanarbeidet, trykking av ferdige dokument, arbeid med kart, osv.

Både styret sine driftsmidlar og planmidlane kjem frå statsbudsjettet sitt budsjettkapittel 1420.21.

Vurdering

To viktige møtetidspunkt for nasjonalparkstyret kvart år er i februar/mars og i november/desember. Då er det planlegging av tiltak i inneverande/neste år i nasjonalparken. Styret signaliserer stor interesse for å komme seg ut og sjå på tiltak og prosjekt. Styret bør få til to slike møte med synfaring i løpet av sommarsesongen. Når styret har gjennomført store tilretteleggingstiltak bør dette også markerast med ein offisiell opning, helst i samband med eit styremøte. Den beste sesongen for å sjå på tiltak i felt i nasjonalparken er mellom juni og september/oktober, avhengig av snømengde og mål for synfaringa.

Erfaringsmessig tek det tid å komme seg ut i nasjonalparken. Det er ofte langt for enkelte styremedlem å komme seg til ein møtestad, og mange høgdemeter inn i verneområdet. Dersom ein t.d. held styremøte ein ettermiddag/kveld, overnattar og tar ein synfaring dagen etter, vil ein kunne rekkje lenger og høgare. I fjor var styret på tur på Kattanakken, ein tur der det var så langt å gå at det var naudsynt med overnatting i kombinasjon med styremøte. I år er det varsla offisiell opning av nye Tungestølen, ein plass det er naturleg at styret kan være med på. I samband med arbeidet med besøksstrategien har styret ønskja å sjå denne innfallsporten. Ein annan plass der styret besøke er Haugadalen. Både Tungestølen og Haugadalen har sårbar geologi, og det kan bli diskusjonar kring auka besøk og sårbar natur.

Av styret sitt driftsbudsjett på kr 300 000,- har forvaltar rekna:
kr 180 000,- til møtegodtgjersle,
kr 60 000,- til reiseutgifter og
kr 60 000,- til møteutgifter (lokale, overnatting, servering, og liknande).

Styret ønskjer å kombinere minst eitt styremøte i løpet av året med å treffe rådgevinge



utval. I fjor var det eit slikt fellesmøte i Stardalen i november. Dersom styret prioriterer å fullføre driftevegen i Sunndalen i år, kan det være ei sjanse å kombinere offisiell opning med eit møte med RU, slik styret gjorde det for to år sidan med opninga på driftevegen i Erdalen.

Forvaltar sendar ut framlegg til datoar via doodle.

Dei 200 000,- som Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har fått til planarbeid må fordelast mellom ønskja kartleggingar/planar som t.d. fugl og skjøtsel, og prosessarbeid som trengs i samband med besøksstrategi og forvaltningsplan. Ein skjøtelsplan kan bli kostbart, men dersom ein t.d. begynner med eitt dalføre, t.d. Erdalen, kan ein kanskje lage ein grei plan innanfor det føreslegne budsjettet? Det er viktig at planen er god nok, då får ein heller ta eitt område av gongen. Fuglekartlegginga er også viktig for kunnskapsgrunnlaget og sårbarheita i ulike delområde. Miljødirektoratet skriv her om temaet: *Slutføring av besøksstrategier for nasjonalparker er prioritert, jf politiske føringer. Vi har dermed måtte redusere/avslå søknader om midler til forvaltningsplaner, men har forsøkt å skjerme pågående prosesser. En god del søknader om kartlegging, spesielt de som vurderes å ha liten betydning for besøksforvaltningsarbeidet, har vi måttet kutte/ redusere i beregningen av tildelt ramme.*



Arkivsaksnr: 2019/1407-0
Saksbehandler: Maria Knagenhjelm
Dato: 19.02.2019

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|----------------------------------|-----------|------------|
| Jostedalsbreen nasjonalparkstyre | 7/19 | 04.03.2019 |

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - prioritering av tiltaksmidlar for 2019

Innstilling frå forvaltar

Sekretariatet har følgjande framlegg til prioritering av tiltaksmidlane for 2019:

| | |
|---|------------------|
| Reparasjon av flaumskade mot Bødalsseter | 20 000 |
| Oppgradering av driftevegen mot Sunndalssetra | 600 000 |
| Sti og bru i Haugadalen | 30 000 |
| Reparasjon av flaumskade på bru i Austerdalen/Lodalen | 20 000 |
| Reparasjon av flaumskade på bru i Ruteflotdalen | 20 000 |
| Mogeleghetsstudium Bøyabreen | 100 000 |
| Mogeleghetsstudium, plan, tiltak for Supphellebreen | 100 000 |
| Reparasjon av flaumskade/forsterking av bru i Sunndalen | 20 000 |
| Uthenting av søppel i nasjonalparken | 35 000 |
| Reparasjon av flaumskade på bru i Erdalen | 55 000* |
| | 1 000 000 |

**nytt tiltak etter at tiltaksplanen vart vedteke i nov. 2018.*

Mindre endringar i fordelinga kan sekretariatet handsame om det skulle dukke opp nye moment/endra føresetnadar på dei enkelte prosjekta. Forvaltar bør rådføre seg med styreleiar dersom det er større endringar på kort varsel, eller dersom ikkje er kapasitet til å følgje opp alle prosjekta. Styret blir fortløpande orientert om prosjekta i løpet av året.



Viss det dukkar opp trong for midlar til nye, større tiltak utover sommaren kan nasjonalparkstyret v/ sekretariatet be om om ekstra løyvingar i supplerande tildelingsrunder. Dette gjeld også 21-posten som gjeld midlar til forvaltningsplan/ besøksstrategi.

Fem ferdselsteljarar blir fordelt ut i frå kor styret treng meir kunnskap om besøksutviklinga.

Saksopplysningar

I bestillingsdialogmøte 1 vedtok Jostedalsbreen følgjande prioriterte tiltak for 2019, som vart sendt til Miljødirektoratet via elektronisk søknadssenter i desember:

| Oversikt over alle tiltak | | | | | | |
|---------------------------|---|--------------------------------|--------------------------------------|---|----------------|---------|
| Pri. | Navn | Tiltakskategori | Tiltakstype | Verneområde | Øk. ansvarlig | Beløp |
| 1 | Reparasjon etter flaumskade mot Bødalseter | Annet | Annet (utdypes i beskrivelsesfeltet) | Jostedalsbreen nasjonalpark (V00000668) | Forvaltningsm. | 70 000 |
| 2 | Oppgradering av av drifteveg til Sunndalssetra | Tilrettelegging og informasjon | Opparbeide sti/kanalisering | Jostedalsbreen nasjonalpark (V00000668) | Forvaltningsm. | 700 000 |
| 3 | Sti og bru i Haugadalen | Tilrettelegging og informasjon | Opparbeide sti/kanalisering | Jostedalsbreen nasjonalpark (V00000668) | Forvaltningsm. | 80 000 |
| 4 | Reparasjon flaumskade bru AusterdalenLodalen | Annet | Annet (utdypes i beskrivelsesfeltet) | Jostedalsbreen nasjonalpark (V00000668) | Forvaltningsm. | 50 000 |
| 5 | Reparasjon av flaumskade på bru i Ruteflotdalen | Annet | Annet (utdypes i beskrivelsesfeltet) | Jostedalsbreen nasjonalpark (V00000668) | Forvaltningsm. | 20 000 |
| 6 | Lage ein plan for stien til Flatsteinbu | Tilrettelegging og informasjon | Annet (utdypes i beskrivelsesfeltet) | Jostedalsbreen nasjonalpark (V00000668) | Forvaltningsm. | 35 000 |
| 7 | Skjøtselsplan for Erdalen, Bødalen og Sunndalen | Skjøtsel av (tre)vegetasjon | Annet (utdypes i merknadsfeltet) | Jostedalsbreen nasjonalpark (V00000668) | Forvaltningsm. | 200 000 |
| 8 | Moglegheitsstudium for innfallsporten Bøyabreen | Tilrettelegging og informasjon | Annet (utdypes i beskrivelsesfeltet) | Jostedalsbreen nasjonalpark (V00000668) | Forvaltningsm. | 100 000 |



| | | | | | | |
|----|---|--|--|--|----------------|-----------|
| 9 | Enkel platting fram mot Supphellebreen | Tilrettelegging og informasjon | Oppføring av publikumsanlegg (utkvikks-/fugletårn) | Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668) | Forvaltningsm. | 30 000 |
| 10 | Reparasjon av flaumskade på bru i Sunndalen | Annet | Annet (utdypes i beskrivelsesfeltet) | Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668) | Forvaltningsm. | 25 000 |
| 11 | Uthenting av søppel i nasjonalparken | Annet | Annet (utdypes i beskrivelsesfeltet) | Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668) | Forvaltningsm. | 35 000 |
| 12 | Fuglekartlegging | Kartlegging | Kartlegging av flora/fauna | Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668) | Forvaltningsm. | 300 000 |
| 13 | Grusing av bomveg | Annet | Annet (utdypes i beskrivelsesfeltet) | Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668) | Forvaltningsm. | 35 000 |
| 14 | Ferdselsteljing langs utvalte stiar | Kartlegging | Annen kartlegging | Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668) | Lokalt SNO | 0 |
| 15 | Pott | Pott for gjennomføring av prioriterte tiltak | | | Forvaltningsm. | 0 |
| | | | | | | 1 680 000 |

I e-post frå Miljødirektoratet datert den 13. februar 2019 får Jostedalsbreen nasjonalparkstyre innvilga kr 1 000 000,- til tiltak i 2018 over post 1430.31 – tiltaksmidlar for verneområde. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre fekk 870 000,- i 2018, og har såleis fått 230 000,- meir i år enn i fjor.

Enkelte av tiltaka er vurdert av direktoratet som utanfor postformålet i post 1420.31. Det gjeld prioritering nr 7 (skjøtselsplan for Bødalen, Erdalen og Sunndalen), prioritering nr 12 (fuglekartlegging) og prioritering nr 14 (grusing av bomvegen i Sunndalen). Sjå neste tabell.

Skjøtselsplan og fuglekartlegging vert lagt fram for styret til vurdering i styresak om årsplan og drift av styret for 2019. Styret kan bruke midlar frå post 1420.21 over statsbudsjettet til kunnskapsinnhenting og kartlegging i samband med forvaltningsplan- og besøksstrategiprosessen. Grusinga av bomvegen i Sunndalen vart vurdert av Miljødirektoratet til å ikkje falle inn under føremålet med posten i statsbudsjettet.



| Pri. | Navn | Status | Innvilget beløp | Øk. ansvarlig | Kommentar |
|------------|---|--------------------|-----------------|-----------------------|---|
| 1 | Reparasjon etter flaumskade mot Bødalsseter | | | Forvaltningsmyndighet | |
| 2 | Oppgradering av av drifteveg til Sunndalssetra | | | Forvaltningsmyndighet | |
| 3 | Sti og bru i Haugadalen | | | Forvaltningsmyndighet | |
| 4 | Reparasjon flaumskade bru AusterdalenLodalen | | | Forvaltningsmyndighet | |
| 5 | Reparasjon av flaumskade på bru i Ruteflotdalen | | | Forvaltningsmyndighet | |
| 6 | Lage ein plan for stien til Flatsteinbu | | | Forvaltningsmyndighet | |
| 7 | Skjøtselsplan for Erdalen, Bødalen og Sunndalen | Utenfor postformål | | Forvaltningsmyndighet | Skjøtselsplaner finansieres over post 21. Tiltaket er behandlet under tildeling av disse midlene. |
| 8 | Moglegheitsstudium for innfallsporten Bøyabreen | | | Forvaltningsmyndighet | |
| 9 | Enkel platting fram mot Supphellebreen | | | Forvaltningsmyndighet | |
| 10 | Reparasjon av flaumskade på bru i Sunndalen | | | Forvaltningsmyndighet | |
| 11 | Uthenting av søppel i nasjonalparken | | | Forvaltningsmyndighet | |
| 12 | Fuglekartlegging | Utenfor postformål | | Forvaltningsmyndighet | Kartlegginger og andre tjenestekjøp finansieres over post 21. Tiltaket er behandlet under tildeling av disse midlene. |
| 13 | Grusing av bomveg | Utenfor postformål | | Forvaltningsmyndighet | |
| 14 | Ferdselsteljing langs utvalte stiar | | | Lokalt SNO | |
| 15 | Pott | OK | 1 000 000 | Forvaltningsmyndighet | |
| Antall: 15 | | | 1 000 000 | | |

*Sidan Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vedtok prioritering av tiltak i bestillingsdialogmøte nr 1 i november 2018, har sekretariatet motteke eitt tiltak til. Det gjeld nedanfor Storesetra/Erdalssetra i Stryn, der Erdalen beitelag kjem med innspel om reparasjon av fundamentet og bru etter flaumskadar hausten 2018. Innspelet til dette tiltaket kom pr. telefon den 19. februar, og seinare i e-post den 22. februar 2019. Prisoverslaget for tiltaket ligg på kr 271 000,-

Utanom dei løyvde midlane har vi også bedt om fem ferdselsteljarar for å fortsette å samle inn kunnskap om dei besøkande i og rundt nasjonalparken, men ferdselsteljarane er eigd av SNO-sentralt og er ikkje synleg på budsjettet.

Vurdering



Styret vil få framlagt bilete og oppdatert informasjon om dei enkelte tiltaka på styremøtet.

Styret må drøfte om framlegget til prioritering er slik styret ønskjer det. Om styret ønskjer færre, men større tiltak er det innanfor det politiske skjøn. Jo fleire tiltak, jo meir arbeidskrevjande er det også for sekretariatet å følgje opp alt. Styret må alltid vurdere det samla omfanget på tiltaka opp mot framdrifta på forvaltningsplanen og besøksstrategien.

Viss det dukkar opp trong for midlar til nye, større tiltak som ikkje var planlagt utover sommaren kan nasjonalparkstyret v/ sekretariatet be om om ekstra løyvingar i supplerande tildelingsrunder. Dette gjeld også 21-posten som gjeld midlar til forvaltningsplan/ besøksstrategi.

Det kjem som regel inn behov for mindre utlegg før sommaren, som til dømes grenseverneskilt, skiltstenger, nytt sperregjerde i Briksdalen, og likande mindre beløp. Dette har som regel forvaltaren handsama innan den eksisterande budsjetttramma, og det er viktig med ein viss grad av fleksibilitet. Ved tvil, konsulterer sekretariatet styreleiar.

Styret vil få jamlege oppdateringar på framdrift og økonomisk balanse utover året.

RS 1/19 Rapport 2018 - Jostedalsbreen nasjonalpark - Motorferdsel til Flatbrehytta - ref 18/1568 FMSF

RS 2/19 Motorisert ferdsel på Jostedalsbreen i samband med snømålingar

RS 3/19 Spørsmål om overtredelsesgebyr

RS 4/19 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - referat frå dialogmøte 2017 - rådgjevande utval

RS 5/19 Jostedalsbreen nasjonalpark - referat frå dialogmøte 2018 - rådgjevande utval og administrative kontaktpersoner

RS 6/19 KLD Klage på Miljødirektoratets avslag på Visit Nordfjord sin søknad om tilskudd fra tilskuddsordningen Nasjonale Turiststier til stiprosjekt

RS 7/19 Nasjonal turiststi - søknad om autorisasjon for Nigardsbreen - Luster kommune

RS 8/19 Høring - Jostedalsbreen Nasjonalpark - Stryn - Forskrift om forsøksordning med catskiing på Tystigen

RS 9/19 Sak - Breheimen nasjonalpark - Forskrift om forsøksordning med catskiing på Tystigen i Stryn - Stryn kommune.